



MØTEPROTOKOLL

Utval	Formannskapet
Møtedato	18.10.2017
Møtestad	Formannskapsalen , Rådhuset
Møtetid	12:00 – 14:00

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordførar	H
Hans Inge Myrvold	Varaordførar	SP
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Gerd Laura Bondhus	Medlem	SP
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Hilde Enstad	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Sølvi Ulvenes	MEDL	H
Bernth Harry Eliassen	MEDL	AP

Følgjande varamedleamar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Øyvind Lernes	Sølvi Ulvenes	H
Gretha Rød	Bernth Harry Eliassen	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Ingen.

Permisjonar:

Ingen.

Inhabile:

2017/78 – Marit Årthun (grunneigar).

Evt. endring på saksrekkefølge:
Ingen.

Tilleggssaker:

2017/80 – Godkjenning av forskottering spelemidlar – lagerbygg Husnes Idrettspark.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2017/77	Høyring - Forslag til investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan i Hordaland 2018-2029
PS 2017/78	Uttale frå Kvinnherad kommune -Ny 420kV - ledning Blåfalli / Sauda - Håvik / Gismarvik - Statnett
PS 2017/79	Fastsetting planprogram - Detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet
PS 2017/80	Godkjenning av forskottering spelemidlar - Laagerbygg Husnes Idrettspark

PS 2017/77 Høyring - Forslag til investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan i Hordaland 2018-2029

Behandling i Formannskapet den 18.10.2017

Nytt framsett forslag frå formannskapet:

Tillegg til pkt 4:

Kvinnherad kommune vil spesielt peike på utfordringane på ferje/snøggåtkaien på Sunde sine behov for trafikkisikring, parkering og buss (ankomst – venteplass og avgang).

Røysting: Rådmannen si innstilling – samrøystes.

Framsett tillegg til punkt 4 – samrøystes.

Vedtak frå Formannskapet den 18.10.2017

Kvinnherad kommune støttar punkta i saksframlegget.

PS 2017/78 Uttale frå Kvinnherad kommune -Ny 420kV - ledning Blåfalli / Sauda - Håvik / Gismarvik - Statnett

Behandling i Formannskapet den 18.10.2017

Saka vart behandla i formannskapet 12.10.2017.

Det synte seg i etterkant at ikkje alle opplysningar vart komen med til behandlinga, og saka vart fremma på nytt i dette møte.

Uttale frå Kvinnherad turlag vart utlevert i møte.

INHABIL: Marit Årthun(Krf) – grunneigar. 8 repr. under røysting.

Røysting: Vedtaket som vart fatta 12.10.17 vert oppheva – samrøystes.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 18.10.2017

Kvinnherad formannskap bed om at konsekvensar med omsyn til elektromagnetiske felt og friluftsliv vert særskild utgreidd i samband med konsesjonssøknaden . Vidare bed vi om visualisering av inngrepa.

PS 2017/79 Fastsetting planprogram - Detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet

Behandling i Formannskapet den 18.10.2017

Habilitet: Ove Lemicka(Frp) og Hans Inge Myrvold(Sp) sette fram spørsmål om sin habilitet i og med at dei begge er med i prosjektgruppa for Fjelbergsambandet.

Dei vart begge erklært habile til å behandle denne saka.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 18.10.2017

Kvinnherad formannskap fastset planprogram datert oktober 2017 som gjeldande for detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet jf. plan- og bygningslova § 12 – 9 og forskrift om konsekvensutgreiingar § 16.

PS 2017/80 Godkjenning av forskuttering spelemidler - Lagerbygg Husnes Idrettspark

Behandling i Formannskapet den 18.10.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 18.10.2017

1. I budsjett for 2018 blir løyvinga til Fellesgarasje- Husnes Idrettspark auka frå kr 1,0 mill. til kr 1,8 mill. Midlane skal dekkje inn den spelemiddelfinansierte delen av prosjektet. Auken blir finansiert med auka låneopptak.

2. Ved revisjon av økonomiplanen blir det lagt inn ei inntekt frå spelemidler på kr 0,8 mill. Midlane skal nyttast til nedbetaling av delar av det lånet som kommunen tek opp til dette prosjektet.